



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

# Helgedagen

NR. 1 - februar 2020 52. årg.



**Sven Aarrestad  
Fellesmøte mellom Time Historielag  
og Bryne sokneråd - s. 9**



Gunnar Frøyland takkar av side 4



Ei eventyrleg livssreise side 6



Foto: Bo Mathisen

Velkommen til dåp side 10



Ny mann i Bryne-kyrkja side 11

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kirke.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kirke.no

Prost: Kjell Børge Tjemmland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevejer: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

### Time

Sokneprest vikar Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalisk leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårlund tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland

Kyrkjetenar ved gravferd: Ane Rosland Reime

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekirke.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon)

Vikar Mari Ask Helland tlf. 922 67 251

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende (permisjon)

Vikar Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar

Jostein Aa. Tøllaksen tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårlund tlf. 990 26 276

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Besøk vår nettside:

[www.time-kirke.no](http://www.time-kirke.no)

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kirke.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kirke.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kirke.no

# Til ettertanke

## Lys og lykt

Dette året har eg ikkje eit nyttårsforsett, men eit "fortsette".

I advent kom eg over ei andakt som gav meg litt meir lys. I andakta stilte dei spørsmåla: måtte jomfrua frå ein enkel landsby vere poet sidan ho er Herrens mor? Kva er meir sannsynleg enn at ho skulle uttrykke sine førelsar på måtar som var velkjente for henne, og spesielt at Hannas lovsong skulle farge hennar følelsesliv, kjend som ho truleg var med Det gamle Testamentet?

Kanskje har du også det slik som meg, at du har hatt augeblinkar i livet kor ein song, dikt, salme eller bibelvers har dukka opp og hjelpt deg til å utsynge førelsar.

Om Maria var poet eller ikkje: I desse gamle lovsongane fann Maria rammeverket for følelsane og glede si. Nettopp fråværet av originalitet, er med på å gjere Marias lovsong truverdig.

Sjølv blir eg truleg ingen poet, men eg gleder meg til å fortsette å lese og lytte. Ein ting eg ikkje er i tvil om, er at eg kjem til å møte på ord som vil bli ein



Asle Steinbru

del av mitt rammeverk, som vil bli som ei lykt som lyser opp noko av det eg alt kjenner på eller kjem til å kjenne på.

Asle Steinbru



Bilde: Zac Cain på Unsplash

Framsida: - Foto: Bjørn Håland

# Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug,

Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 24. februar 2020.

Neste nr. kjem ut ca. 26. mars 2020.

# Min salme

## Stor er din trofasthet

*1 Stor er din trofasthet, Herre og Fader,  
skiftende skygge når aldri din sti.  
Du er den samme, din miskunn er evig,  
slik som du var, skal du alltid forbli.*

Omkved

*Stor er din trofasthet, stor er din trofasthet,  
dag etter dag ga du nåde på ny.  
Himmelske hender gir alt jeg behøver.  
Trofaste Herre, hos deg har jeg ly.*

*2 Tidene skifter med dager og netter.  
Soler og stjerner har oppmerket gang.  
Syng, all hans skapning, og pris ham som  
styrer.*

*Lov den allmektige Herre med sang.*

Omkved

*3 Nåde for synder og fred uten like.  
Mesterens omsorg til støtte og stav.  
Styrke for dagen og håp for i morgen.  
Signing for barnet, som Gud tar seg av.*

Omkved

Tekst: "Great is Thy Faithfulness"  
Thomas Obediah Chisholm 1923  
Oversett: Sverre Therkelsen 1962  
Melodi: William Marion Runyan 1923

"Når eg syng denne salmen, kjenner eg alltid på eit sterkt og godt handtrykk både frå foreldre og Gud".



Reidun Jane Heskestad

Denne songen som fekk plass i Norsk salmebok i 2013, vart eg først kjend med i vaksen alder. I dag gir denne salmen meg tryggleik og håp. Gud som møter meg kvar dag, gir meg stadig nye sjansar.

Grunnen til at denne salmen er blitt heilt spesiell for meg, er opplevingar eg har frå foreldra mine sine siste leveår. Dette var ein song dei ofte song saman. Pappa var ingen songar, men han lika å synga. Når han tok tonen, visste me ikkje alltid kor det enda. Mamma var den musikalske, og ho meinte pappa si stemma vart betre jo meir han song. Dei lika å høyra kristen song og musikk. Å sjå og høyra "Minns du sången" med dei svenske songarane, var gyldne augneblink for dei. Det var ofte songen og musikken dei snakka om etter at dei hadde vore på møte, bibelcamp o.l.

Eg vil alltid hugsa stundene på Husnestunet då pappa drog den utslitne, blå "Sangboken" opp frå innerlomma, og boka nesten opna seg sjølv på nr 376 "Stor er din trofasthet". Me song saman med mamma. Her fann dei håp og trøyst når sjukdom og alderdom kravde sitt. "Du er den samme, din miskunn er evig". Når dagane var tunge, kjende dei Meisteren si omsorg - både som støtte og stav. Dei fekk kjenna at himmelske hender gav dei det dei trøng. Dei fekk styrke til dagen og håp for morgondagen. Same korleis dagane var, stolte dei på "Trofaste Herre, hos deg har jeg ly".

Når eg syng denne salmen, kjenner eg alltid på eit sterkt og godt handtrykk både frå foreldre og Gud. Livsnære tekstar og vakre melodiar inspirerer og byggjer oss opp. Så difor "Syng, all hans skapning, og pris ham som styrer. Lov den allmektige Herre med sang".

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"  
Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

# PREST GUNNAR FRØYLAND TAKKAR AV

***Det er eit privilegium å møta menneske i ulike situasjonar, seier Gunnar Frøyland til Helgedagen. Den 1.2.2020 vart han pensjonist og slutta som prest i Time.***

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

FOTO: RAGNHILD UNDHEIM AALGAARD

Gunnar Frøyland oppsummerer prestetenesta si slik:

- Eg vaks opp i Stavanger i ein heim prega av kristen tru og aktiv deltaking i kyrkjelyden. Eit stort ungdomsarbeid gav oss rom for å veksa i tru og som menneske. Her møtte eg Vigdis som eg har fått dela livet med. I desse åra vaks det fram ei visse om at eg skulle bli prest.

- Eg har fått vera prest for soldatar på Andøya. I Bodin kyrkjelyd i Bodø hadde eg ei travel teneste i den gamle middelalderkyrkja, i drabantbyen som vaks fort og på fiskeværa ut av Bodø. Sidan fekk eg mange gode år i Finnøy kommune. Me budde i Sjernarøy og fekk vera nær personar i alle livssituasjonar.

- Til Time kom eg i 2007. Bygdekulturen var mykje lik den eg kjende frå Finnøy kommune. På Lye møtte eg drabantbyen, der mest alle pendla til jobb om morgonen og heim om kvelden. Då eg byrja, var ungdomskulla endå store, og det var flott å sjå alt byggjande ungdomsarbeid i idrettslag, andre organisasjoner og på forsamlingshuset. Lye var ein god stad å veksa opp for born og unge.

- Dei seinare åra kom omstillinga. Som over alt elles, måtte Lyefeltet ta omstillinga frå å vera eit nybyggjarfelt til å bli ein bydel med normal folkesamansetjing. Slikt er smertefullt. I ein periode går barnetalet ned, og det bur forholdsvis få unge familiarar på feltet. No er Lye på veg opp att. Barnetalet aukar, nye hus blir bygde og gamle hus får nye eigarar. Utfordringa er å gje nye og gamle innbyggjarar kjensla av å høyra saman og vilje til å byggja felleskapet i lag.

- Opp gjennom åra har eit livskraftig barne- og ungdomsarbeid prega arbeidet på Lye forsamlingshus. Kyrkjelyden har samla mange unge familiarar. Det har vore kjekt å få lov til å vera ein del av dette. Stort tenestemangfald i kyrkjelyden og mange friviljuge medarbeidarar har gitt meg mykje glede. Å sjå korleis bygda og kyrkja



**Gunnar sprettar kaka**

var eitt og kor mange som stilte opp, har gitt meg mot på vegen. Ikke minst vil eg rosa dei som har jobba med praktiske gjeremål i små reparasjoner eller større prosjekt, og alle dei som har bidrege til god kyrkjekaffi etter gudstenestene.

- Det er eit privilegium å møta menneske i alle livssituasjonar, i glede over barnet som er fødd, i glede med to som vil gifta seg, eller i sorg når ein kjær dør. Det er viktig for meg at kyrkja er eit rom der me kan vera med livet som det no eingong er, ikkje berre når det er som me tenkjer det burde vera.

- Eg lærer så mykje i møte med folk, og eg håpar eg har fått sagt at Jesus er den som kjem med Guds kjærleik til oss. Så ber eg om at det av uvist eg har sagt og gjort, blir bore over med. Me lever alle av nåde, den nåden me kan møta kvarandre med, og av Guds nåde som rommar alt me er og gjer.

- Kva vil eg ta med meg frå Time? Først og fremst minna om menneske eg har møtt. Dernest erfaringa om at kyrkjelyden veks nedanfrå, kvar gong ein av oss i kvardagen gjer kva Jesus bed oss gjera.

- Takk for at eg har fått vera presten dokkers!

# FRÅ KYRKJEVERJA SIN PULT

TEKST: GUNNAR BJORLAND STONE

Då eg vaks opp i Vardheia på Bryne, vakna eg dei fleste morgonane til følgande kvitring frå mi morgonglade mor (med syngande sørlandsstemme): «Gooooood morgen, det er en ny dag. En ny dag for Gunnar Bjorland, nå må du stå opp. Det er en ny daaaaag».

Så no seier eg til dykk: Det er eit NYYYYYYTT ÅR! Eit nytt år for kyrkjelydane i Time!

Og eit nytt år er for mange av oss eintydig med nye sjansar, nye tider og nye planar. Det er ei tid for endring og frisk start. Det same gjeld for oss på kyrkjekontoret. 2020 startar med fleire nye inn i staben og vil fortsette med fleire endringar utover året.

**I Undheim sokn** er det tilsett ny dagleg leiar. Frode Skårland frå Lye tek over for Elisabeth Obrestad, som har gått over i ei rein administrativ stilling i Bryne sokn. Frode kjem frå stilling som kyrkjemusikar i Bogafjell menighet, og skal i tillegg til stillinga som dagleg leiar i Undheim, vere kyrkjemusikar i Time sokn. Denne stillinga tek han over etter Oddny Underhaug som gjekk av med pensjon ved nyttår.

**I Bryne sokn** har me òg fått ny dagleg leiar/kyrkjelydsutviklar. Jostein Aarbakke Tollaksen tek over for Bjørn Inge Hauge, som har gått over til ei stilling i NMSU. Jostein kjem frå jobb på universitet i Stavanger, der han har vore sidan 1993.

Dei sundagane Per Olav Egeland har fri, vil me framover ha fast vikar på orgel-/ og flygelkrakken. Dette vert Jon



Torger Hetland Salte, som frå før vikarer i Undheim kyrkje.

**I Time sokn** går sokneprest Gunnar Frøyland av med pensjon. Inn kjem Yngvar Nilsen frå Flekkerøya, busett i Vikeså. Yngvar går inn som vikar fram til sommaren medan stillinga vert lyst ut.

**Nyvalde sokneråd og fellesråd.** I tillegg til endringane i stab startar året med nyvalde sokneråd og fellesråd. For mange er denne oppgåva ny, men ved deira side sit det fleire med lang erfaring frå soknerådsarbeid. Nettopp denne kombinasjonen av nye og «gamle» vil vere ein av dei største styrkane for råda og kyrkja dei neste fire åra. Som kyrkje er vi nemleg nøydt til å våge å tenke nye tankar slik at vi kan nå flest mogleg med evangeliet og Guds kjærleik i tida og samfunnet me no lever i. Samtidig ber vi med oss tradisjonar og historier som strekker seg langt tilbake i tid, og som er berebjelkar i kyrkja vår. Begge har sin plass. Det nye og det tradisjonelle.

**Eg ønskjer meg** ei kyrkje som er vågal og samtidig trygg, utfordrande og samtidig nådig, tydeleg og samtidig raus. Eg ønskjer meg ei kyrkje som er til beste for Bryne, Time og Undheim. Og det beste for Bryne, Time og Undheim er det Gud vil. Så mi bønn er at nye og gamle i stab, råd og kyrkjelydar er med og søker Gud for året som ligg framfor oss. Det er både den mest vågale og tryggaste plassen å starte.



## Pensjonistane Gunnar og Oddny

*Gunnar Frøyland og Oddny Underhaug ser tilbake på rike år i Time kyrkjelyd. Gunnar er omtala i dette bladet, og Oddny får de lesa meir om i påskenummeret.*

*Biletet er frå kyrkjetorget etter Gunnar si siste gudsteneste i Time-kyrkja 12. januar 2020.*



Foto: Pixabay

# PRAXEDES – EI EVENTYRLEG LIVSREISE

**Me er på Time kyrkjekontor i Saronsbrotet. Ei uvanleg livesreise har stansa her.**

**Marie Praxedes Slettebø er midt i ei travel arbeidsøkt, men ynskjer Helgedagen velkommen. Diakonimedarbeidar, prestekone, mor til 4, svigermor og bestemor. Men reisa hit starta veldig langt borte og for lenge siden.**

TEKST OG FOTO: ELSE-MARIE BUE

- Eg er frå Filippinene, eit kristent land i Asia. Eit øyrike. Me var først koloni under Spania i 350 år og fekk tidleg evangeliet. Eg var barn nummer 11 i familien, og mor døydde i fødsel. Min fødsel. Så eg har aldri kjent mor, bare arva namnet hennar. Marie brukar eg ikkje, for det fungerar som generell identitet for kristne jenter på Filippinene. Praxedes er namnet mitt og betyr Guds arbeid, av praxis - arbeid og des - deos - Gud. Eg vaks opp med far, fem brør og fem søstrer, 2 tenestejenter og mormor. Ho har betydd mykje for meg alltid. Familien min var sterkt knytt til den katolske menigheten, eit stort kristent fellesskap.



- Når kom du til Norge?

- Eg var 16 år og ferdig med high school. Eldre søskjen hadde fått utdanning, dei fleste i utlandet. Dei var alt i arbeid og ville hjelpe lillesøstera. På Filippinene var Amerika ein populær studiestad på den tida. Men den Norske ambassaden var like ved skulen min. Eg gjekk dit, og reiste åleine til ukjent mål, Solborg folkehøgskule, Stavanger. Å læra norsk vart utfordringa det året. Neste år begynte eg på gymnas i Egersund og budde på hybel. Sjukepleiar var tidleg eit mål for meg, og nå vart eg kvalifisert til sjukepleieutdanning i Stavanger.



**Praxedes i sving ved kontorbordet**

## Amors piler og livet vidare

- I studietida deltok eg på ulike kristne samlingar. Då NMS sitt nye administrasjonsbygg på Misjonsmarka skulle vigslast, møtte eg Lars Slettebø, mannen min, for første gong. Han var student på Misjonshøgskulen.

Praxedes ler og minnest. - Etter kvart gifta me oss og fekk 4 barn.

- og som prestekone fekk du mange adresser i ditt nye fedreland ?

- Ja, først vart det Dverberg på Andøya i 7 år. Der var det kaldt. Me ville så gjerne koma nærmere familien, og neste adresse vart Hjelmeland. Lars var rådmann/kultursjef der i 7 år. Etter det gjekk flyttelasset til Åndalsnes og prostestilling i Indre Romsdal prosti, også 7 år. Sjøl har eg fått arbeida ein del som sjukepleiar alle desse stadene, på sjukehus eller institusjonar. Nå er familien glad for å vera nær sin norske familie og bu i mormor, Olga Bryne, sitt hus.

- Diakonimedarbeidar, -- kva er dine daglege oppgåver?

- Ja, eg har ansvar for å organisera omsorgsarbeidet som skjer frå kyrkja. Me har god dialog med kommunen på dette feltet. Slik får me realisera mange spennande tiltak, f.eks. språkkaféen «Snakkis» for innvandrarar. Den er driven av kommunen, og me stiller med mange frivil-



# HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN

## ORD.

Ord kan valda bry som store steinar i vegen der ein vil fram. Ord kan just reinska dei største steinane langt ut av vegen. Ord kan bli til mørke sluk som ein ikkje kjem over i eit heilt liv. Det er ikkje stort ein veit om kraft og skadenvirkningar av ord. Det ein seier er gjerne slik at det blir liggande på golvet som eit par skeive skor, medan det ein ville ha sagt kjendest som flygande fuglar.

*Tarjei Vesaas,  
i Båten om kvelden.*

lige. «Snakkis» er kvar måndag ettermiddag. Viktig er det også å få til individuelle relasjoner for våre nye landsmenn og inkludera dei i kyrklege fellesskap og arbeid. Så har livsvegen utfordringar for dei fleste av oss. Mange har bruk for støtte periodar i livet - sjukdom, sorg, einsemd og alderdom. Saman med diakoni-nemnd og prest skal eg organisera omsorgs-arbeidet frå kyrkja. Takk, takk til alle som er med og gjer andre sin kvardag litt lysare!

- *Du har sjøl hatt utfordringar ved å bu så langt unna din eigen familie?*

- Ja, men så lenge far levde, besøkte han oss i Norge. Mange av søskena mine bur i Østerrike, så dit har kontakten alltid vore god. Ei eldre syster bur i Norge og er som mor for meg. Nå er borna vaksne og held sjøl god kontakt med slekta. På alle heimplassene våre har me møtt folk frå mitt land, og gjerne hatt ein filippinar under utdanning eller i arbeid buande med oss. Det har vore gilt.

- *Når eg snart legg pennen vekk og går, kva med*



Nr. 2

FEBRUAR 1970

2. årg.

## Samfunn

Nøkkelen til kristent samfunn heter *syndenes forlatelse*.

Dette gjelder vårt samfunn med Gud. Prof. Esaias så i et syn Herren. Og hørte serafene sygne: «Hellig, hellig, hellig er Herren, hærskarenes Gud. —» Da kjente han seg ille ved og utbrøt: «Ve meg Jeg er fortapt. For jeg er en mann med urene lepper og bor blant et folk med urene lepper. Og mine øyne har sett Herren, hærskarenes Gud». Hva gjør så Gud? Han sender en av sine engler med en gloende stein fra alteret og renser det urene bort. *Da kunne Esaias være sammen med Gud!*

Apostelen Johannes peiker på det umulige i «å vandre i mørket» og samtidig «ha samfunn med Gud». (1. Johs. 1. 6).

Og det samme gjelder samfunnet vårt med andre mennesker. Det går

an å leve sammen dag for dag *uten å ha samfunn*. Det kanstå en mur mellom dem. Det kan være slik med ektefolk, søsken, foreldre og barn. En slik mur kan gå tvers gjennom vår menighet. I forening og lag og kristenflokk. Mennesker kan leve i lag, og likevel er det så langt borte fra hverandre. Men på samme tid kan mennesker som er skilt av avstander, ulik nasjonalitet, hudfarge, språk, forutsetninger, livskår, — *kjenne seg så nær bundet sammen!*

Kristent samfunn bygger på at synda som vil skille, er sona, tatt bort og tilgitt! — Dersom vi vandrer i lyset, likesom han er i lyset, da har vi samfunn med hverandre. Og Jesus, Guds Sønns blod renser oss fra all synd» (1. Johs. 1,7).

Det avgjørende er: Er mine syndar gjort opp og tilgitt? M. G.

*skjermen og alle papira på skrivebordet ditt?*

- Nå førebud eg Søndagstreff med gudsteneste, tilrettelagt for menneske med

utviklingshemming. Alle er velkomne, og alle trivst der. Så er det program for minnegudsteneste i Time kyrkje, for å minnast, lesa namna og tenna eitt lys for alle som har gått bort dette siste året. Pårørande vert spesielt inviterte. I vekene besøkjer eg institusjonar, saman med presten eller andre. Det kan vera andakt eller samtalar.

Praxedes er elles halvveis i studiet for å få ein mastergrad i diakoni ved VID. Det medfører turar til Oslo, Diakonihøgskulen og Menighetsfakultetet. I fristundene trivst denne dama godt med handarbeid. Ho tek fram smarttelefonen og viser fram det aktuelle handarbeidet — nydeleg hekla brudekjole! Ein stor fest står for døra i familien. I hjarta sitt ber ho alltid eit motto, ein livsregel: «Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe noen.»

# TRUSOPPLÆRING I KYRKJELYDANE I TIME



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KIRKJA

TEKST: RAGNHILD HANSEN

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

### Babysong

Denne våren vert det babysong berre i Time (Lye forsamlingshus) og på Undheim. Velkommen til ei hyggjiegleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvere.



### Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage.

Dataar for våren:

19. februar, 4. mars, 18. mars, 1. april, 15. april, 29. april

Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca kl. 10.30-11.00.

### Undheim

I Undheim kyrkje er det open barnehage kl. 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta).

Babysong kl 10.30-11.00.

Dataar for babysong denne våren:

11. mars, 25. mars, 22. april, 6. mai, 20. mai

### Førsteklasses

Førsteklassingane vert inviterte til «Førsteklasses». Dette erstattar Dåpsskulen.



Gjennom «Førsteklasses» ynskjer me at «Barna skal få møte med trua gjennom undring og oppleving, leik og læring. Dette skal dei gjera ved å:

- få kjennskap til at dei er døypte og hører Jesus til.
- læra om korleis Jesus møtte menneske.
- læra om påskehendingane, frå palmesundag til 1. påske-dag. Dei skal læra om kva påska betyr for oss i dag.
- læra meir om tilgjeving, både Guds tilgjeving av oss menneske, men også korleis me menneske kan tilgje kvarandre.
- erfara bøn, og læra ulike måtar å be på.
- bli betre kjende med kyrkja og kyrkjerommet.» Frå Trusoplæringsplanen for Bryne, Time og Undheim

### Bryne

Ettermiddagssamlingar 10. mars og 17. mars

Førsteklasses-helg: 28. mars og gudsteneste 29. mars



# SVEN AARRESTAD – EIN ÅNDSHØVDING FRÅ TIME

**Det årlege fellesmøtet mellom Time Historielag og Bryne sokneråd er i år tysdag 10. mars i Bryne Kyrkje kl 19. Då skal Tora Aasland halde foredrag om Sven Arrestad, og soknerådet skal bidra med song og opplesing. I dette høvet har Time Historielag trykt opp ekstra eksemplar av boka «Brev til Annie», slik at møtedeltakarane får kvar si bok.**

TEKST: TORA AASLAND

Fråhaldshøvdingen Sven Arrestad (1850-1942) frå Time var lærar, skulemeister, redaktør, organisasjonsleiar i fråhaldsrørsla, stortingsmann, ordførar, statsråd og amtmann. Han førte vidare det fråhaldsarbeidet som kvekaren og rogalendingen Asbjørn Kloster hadde starta, og leia Det Norske Totalavholdsselskap i 40 viktige år: frå 1887 til 1927. Sven Arrestad var og redaktør av DNT sitt medlemsblad «Menneskevennen» frå 1883 til 1905 og frå 1922 til 1928

Sven Arrestad levde eit hektisk liv med mange viktige posisjonar, mykje motstand og mange konfliktar. Han var i den øvste leiinga av Norge under unionsoppløysinga med Sverige, og ikkje minst som leiar i fråhaldsrørsla, var han i små og store stridar. Han har skrive eit utal kampskrift, talar og omtalar, og han reiste landet rundt som god talar og skarp debattant; anten det var som fråhaldsmann eller som venstremann.

Av alt han har skrive er det ei bok som skil seg ut: «Brev til Annie». (Oslo 1935. I kommisjon hjå Olaf Norli). Boka er skiven som brev til dotterdottera, og er hans eiga forteljing til etterslekta – på hans eige språk. Det første brevet er skrive 14. august 1927; det siste 20.



**Sven Arrestad**

oktober 1932. Breva skildrar folket, heimen, skulen, hjå presten, skulemeistertid, målsak og fråhaldssak, religion, folkemøte, redaktørarbeid og epistlar om å verte stortingsmann og amtmann. I boka er ei unik skildring av vitjingane i heimen til Arne Garborg (dei var tremenningar og skulekameratar). Særleg den fyrste gongen, då Sven og Arne var 9-10 år gamle, sit særskilt godt i minnet med ei oppleveling av mange og lange bønestunder og ei blytung og alvorsprega stemning.

Det einaste biletet i boka er av det historiske uret til Mauritz Kartevold – eit framtidssretta vitskapleg byggverk. Sven Arrestad skriv til Annie: «Eg tenkjer du kan hava moro av å sjå både klokka og teksten.»

«Brev til Annie» er unike forteljingar frå ei viktig del av historia – den lokale og den nasjonale.

Vel møtt!

## *Time*

Hognestad

Det er enno ikkje heilt avklart korleis me skal organisera samlingane her. Invitasjon vert sendt ut.

## Lye

Dato: Onsdagar: 4. mars, 11. mars, 18. mars

Tid: Kl. 11.30-13.00 (ungane vert henta på skulen)

Laurdag 21. mars kl. 09.30 – 12.30

Gudsteneste søndag 22. mars kl 11.00

Stad: Lye forsamlingshus (onsdagar), Time kyrkje (laurdag og søndag)

## *Undheim*

Dato: Onsdagar: 25. mars, 1. april, 15. april, 22. april

Tid: Kl. 13.15-14.45 (ungane vert henta på skulen)

Laurdag 25. april kl. 09.30 – 12.30

Gudsteneste søndag 26. april kl 10.30

# VELKOMMEN TIL DÅP!

***Det tikkar inn ei melding på mobilen til soknepresten på Undheim: - Ein liten gut født i Øygardsholen.***

TEKST: MAY BRIT M. ARNØ

Jungeltelegrafen fungerer godt i bygda, og soknepresten er heilt avhengig av desse gode damene som fortel om at nye verdsborgarar har sett dagen lys i Den grøna bygda. Soknepresten finn fram ein liten body, ein brosjyre om dåpen og info om korleis ein kan melde dåp i Time. Alt dette får plass i ein gåvepose, og det er tid for eit lite heimebesøk i Øygardsholen, for å gratulere med den litle og ynske velkommen til dåp.

Som de kanskje har fått med dykk, så er det nå slutt på at kyrkja kan sende ut brev med invitasjon til dåp, til medlemmer som har fått barn. Tidlegare fekk me denne informasjonen frå folkeregisteret og kunne sende brev til kvar enkelt, men det kan me altså ikkje lenger. Derfor må me finne andre måtar å kome i kontakt med dei nyfødde i kyrkjelydane våre. På Undheim har me valt å gå på heimebesøk og ha med ei lita gáve saman med invitasjon til dåp. For sjølv om me ikkje sender ut brev lenger, er alle velkomne til dåp, på same måten som før.

Tradisjonen vår er å bere barn til dåpen. Vi feirar det nye livet og barnet i Guds hender. Foreldre gjer mange val for barna sine. Når eit barn blir døypt, svarer foreldra og fadrane ja på vegner av barnet. Men det er aldri for seint å bli døypt. Når ungdom og vaksne blir døypte, svarer dei sjølve ja. Også då står fadrar klare til å hjelpe den døypte til å leve i dåpen og trua på Jesus. Bibelforteljingar, bøn, nattverd og tilhøyring i kyrkja er ein del av dåpsvetsigninga.

Dåpen vert kalla eit nådemiddel. Det betyr at dåpen er eit synleg teikn på Guds usynlege nåde. I dåpshandlinga er det mykje som er synleg: me har vatn, krossteikn, bøner og mange ord. Men me har også noko usynleg. Det er dua på dåppservietten eit symbol på, Den Heilage Ande som gjer noko usynleg i dåpen. Det usynlege som skjer er at Gud tek ekstra godt tak i barnet som vert døypt, og lover å vere med det heile livet, ja, heilt inn i himmelen. Den døypte får del i frelsa, og startar på eit dåpsliv saman med Gud. Så skal trua få lov til å vekse, på same måten som barnet veks i alder og mogning. Trusopplæringa som me har i kyrkja, vil hjelpe foreldre og fadrar slik at barnet kan verte trygg i den trua som det er døypt til. Gjennom



**Dåppservietten i Time - handbrodert av flinke kvinner på Madagaskar**

ulike tilbod vil dei døypte få opplæring og erfaringar i kva den kristne trua handlar om.

Heilt sidan Jesus bad oss om å døype, har menneske søkt dåp. Dåpen er eit mysterium. Ord kan ikkje fullt ut beskrive det som skjer. Men i tru og tillit til Gud legg me barnet i Guds hender.

Det skjer et under i kirken,  
større enn verden vet.  
Barnet får del i Guds rike,  
svøpt i hans kjærlighet.

Det skjer et under i dåpen,  
her skapes liv av ord.  
Barnet er størst i Guds rike  
skjønt det er minst på jord.

## Velkommen til dåp!

Meir informasjon og bestilling av dåp finn du på [www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)

Du kan også kontakte oss på telefon 51 77 03 77

**PS. Dåpskjole kan lånast gratis på Kyrkjecontoret**

# NY MANN I BRYNE-KYRKJA

**Jostein Aarbakke Tollaksen (59), 100%  
stilling som er fordelt slik: Dagleg leiar i  
Bryne-kyrkja 40% og kyrkjelydsutviklar 60%.  
Han tek over etter Bjørn Inge Hauge som har  
gått over i ny stilling.**

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Dette intervjuet fann stad på den andre ordinære arbeidsdagen hans, så han hadde ikkje fått kome langt på nye oppgåver. Heilt "fersk" er han likevel ikkje, for han har vore innom kyrkjekontoret i oppseilingstida til Bjørn Inge. Dessutan har han leia eit lovsongsteam i Bryne-kyrkja i omlag tre år.

Han bur på Bryne saman med kona Randi. Dei har tre vaksne born, dei to eldste er gifte og busette på Bryne, og yngstemann bur og arbeider i Oslo. Til saman har dei 5 barneborn.

På fritida har han alltid vore ein aktiv friluftsmann, og det passa godt då han var speidar-leiar i 1. Bryne KFUM i mange år på 90-talet. Det ser han på som noko av det mest gjevande barne- og ungdomsarbeidet han har vore med på.

Elles er song og musikk viktig for Jostein - og han er interessert i fotografering.

Jostein er opphavleg frå Flekkefjord. Han tok bibelskule i Bergen, seinare lærarutdanning med grunnfag i musikk og mellomfag i kristendom. Med utdanning i musikk får ein gjerne altfor mange musikk-timar i altfor mange klassar, og Jostein skifte over til IT-bransjen og administrativ stilling ved Lesesenteret på universitetet i Stavanger. Der har han arbeidt i 26 år.

- *Så korleis hamna du her?*

- Heile det vaksne livet mitt har eg hatt ein brann for - og engasjert meg i forsamlingsarbeid i ulike samanhengar. Eg ønskjer kyrkjelydar som er varme, levande fellesskap, der menneske lærer å kjenna Gud, tek vare på kvarandre, og når ut til andre. Eg ønskjer at det som skjer i den lokale kyrkjelyden skal få stor verdi og positiv innverknad på det som er rundt oss.



**Jostein Aarbakke Tollaksen**

- Difor er villig til å ta eit stort skritt i livet mitt, og gå frå ein spennande, god og sikker jobb på UiS, og over i noko meir ukjent og utfordrande - fordi eg har tru på den lokale kyrkjelyden og det lokale fellesskapet.

- Så trur eg òg at kyrkjelyden vår må våga å bli utfordra på språk og kommunikasjon, form og arbeidsmåtar, slik at me best mogeleg kommuniserer med og treffer dei gruppene som me er sette til å nå. Me må jobba for å vera aktuelle og relevante på ein måte som gjer oss i stand til å nå stadig nye grupper av born, ungdom og vaksne med evangeliet om Jesus Kristus. Det er oppdraget vårt som kyrje, og midt i dette ønskjer eg å stå.

Jostein er glad for at det er lagt eit godt grunnlag i arbeidet han skal gå inn i. "Familiefokus" og unge familiar er viktig å ta med vidare. Dei representerer det framtidige barne- og ungdomsarbeidet, og han ønskjer at dei skal finna ein heim, ein god stad å vera i Bryne-kyrkja. Denne kyrkja må òg vera tydeleg og godt synleg i Bryne-byen, og involvert i det som skjer i byen.

- Eg gleder meg til å møta alle dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden. Dei gjer ein kjempejobb! avsluttar Jostein.



Eg ønskjer kyrkjelydar som er varme, levande fellesskap, der menneske lærer å kjenna Gud, tek vare på kvarandre, og når ut til andre.



Bøn nr. 117 (Bøneboka bak i Norsk salmebok) lyder:

### **INGEN BRYR SEG OM MEG**

Kjære Gud, i dag er det ikke lett å være meg.  
Ingen bryr seg om meg, og jeg føler meg ensom.  
Men du bryr deg om meg,  
og det er det aller viktigste.

Finn Wagle (1941 -)

I avskjedsgudstenesta for sokneprest Gunnar Frøyland i Time kyrkje søndag 12.januar, las han denne salmen:


1. Alle har hast, ingen har tid,  
alle har sitt å gjøre.  
Hvem bryr seg om at jeg er redd?  
Ingen har tid til å høre.

2. Gud har jo tid, evighet, ja,  
tid til å lytte stille.  
Han gjør meg glad når jeg er redd,  
når jeg har stelt meg ille.

3. Hører du, Gud? Om jeg var slem,  
er jeg jo en av dine!  
Alt blir så trygt når bare du  
holder i hendene mine.

Tekst: Britt G. Hallquist 1958  
Omsett: Olaf Hillestad 1973

### **«Stå opp, ta matta di og gå!»**



**KVINNENES  
INTERNASJONALE  
BØNNEDAG**

### **FREDAG 6.MARS 2020**

Fotland bedehus kl. 14:00

Bryne. Misjonskirken kl. 19:00

Andakt – Sofie Braut

Song – Bente Haugland

# KVELDSGUDSTENESTE-SERIE



**Våren 2020 ønskjer komitéen for kveldsgudstenester å setja fokus på den gode forteljinga. Forteljinga som grip og berører og kan få oss til å sjå livet vårt klarare gjenom andre sitt liv. Ja, kanskje våga og vilja ei endring.**

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Til dette har Sonja Lie sagt ja til å bidra til 3 kveldsgudstenester der hennar formidling og forteljing har hovufokuset. Dette er det stor grunn til å sjå fram til! Sonja Lie er forteljar, godt kjent frå førestillingar som «Kvinner i Bibelen» og «Det skjedde i de dager».

I Brynekyrkja i mars/april vert temaet: Skattar i Bibelen – forteljingar om kvinner

## Sonja Lie seier sjølv:

- Jeg synes mange av fortellingene i bibelen er spennende, spesielt fortellingene om kvinnene. Det er mange av kvinnene vi hører lite om.
- Mange av kvinnene i bibelen er gode, vakre og trofaste. Noen er opprørske. Men det finnes også kvinner i bibelen som er utspekulerte, egoistiske og som lar seg styre av maktsjuke og begjær.
- I formidlingen er det "meislet" fram en brodd, et spørsmål eller en referanse som peker inn til kvinner (og menn) i vår tid. Kvinnene i bibelen levde sine liv i en annen tid, under andre forhold enn de fleste av oss i dag. Men disse kvinnene har inspirert meg til å dikte videre på

## 1. mars - Livsmot

*Om Hagar, Sara, Rahab og Ester*  
Sang: Christina Bergli og Lill Marie Wågø  
Piano: Gro Aarsvoll  
Cello: Magnhild Mo  
Fløyte: Elisabeth Barstad

## 22. mars - Ei glipe av glede

*Maria og Elisabeth og juleevangeliet*  
Fiolin ved Fiona Schaub

## 19. april - Livsens kjelde

*Krukka i Sarepta og kvinne ved brønnen*  
Musikk ved Silje Sandanger

historiene deres og gi dem stemmer som kan høres i dag.

**Saman med Sonja har komitéen**  
sett opp vårens kveldsgudsteneste-serie.

Den første kveldsgudstenesta 1.mars blir ein «pangstart» på serien. Då har Sonja Lie med seg eit heilt knippe av eigne musikarar og songarar. Kvelden blir ei større førestilling, med musikk og songar vovne inn i forteljingane. Dette er erfarne musikarar og songarar som står for høg kvalitet. Dei har brei erfaring og stort engasjement både som utøvarar og skapande kunstnarar.

**Velkommen til kveldsgudstenester**  
med forteljande formidling, god musikk og stille tid med lyttenning og nattverd.



## **Sven Arrestad – åndshøvding frå Time**

## Kulturkveld i Bryne kyrkje Tysdag 10.mars kl.19

## Foredrag ved Tora Aasland:

«Sven Arrestad – åndshøvding frå Time»

- Blandakoret Jærklang
  - Musikarar og solistar frå Time kulturskule
  - Avdeling med songar til lesestykke frå Sven Arrestad si bok: «Brev til Annie»
  - Matservering

Inngangspengar: Kr.150,- inkluderer boka «Brev til Annie»



Arrangør:  
Time historielag og Bryne sokneråd

## Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2020

### Program:

KI.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova

## KI.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Sundag - 9. februar kl.18.00

Sundag - 15. mars kl.18.00

Sundag - 26. april kl.18.00



Torsdag - 14. mai blir det grillfest! Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

# Velkommen



## Vårfest - for dei over 60 i Undheim Kyrkje

Sundag 22. mars kl. 15.00  
Det blir andakt og kåseri, song og  
musikk, mat og drøs

Detaljert program kjem  
Arr. Time diakoniutval



**Strikkekafé**  
på Lye forsamlingshus  
“Ikkje bare for dei med strikketøy”  
men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.

Torsdag 5. mars 2020 kl. 19:30

Sjå eiga Facegook-side for kaféen:  
<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

## TORSDAGSTREFF

I Bryne kyrkje våren 2020  
Torsdagar kl 14.30



**Torsdag 20. februar:** Paul Odland: "Barnebispen Johan Lunde"

**Torsdag 19. mars:** Frimenn blir med; Song og spel

**Torsdag 16. april:** Reidun Borsheim Riskedal: «Smerten og Håpet»

Det blir matøkt og andakt

**Pluss minus 60 Velkommen!**

## «DE UTSTØTTE»

Filmen «DE UTSTØTTE» handlar om spedalskhet på Madagaskar, i Norge og Spania. På Jæren har misjonsforeningar i over hundre år samla inn pengar til spedalskekolonien Mangarano på Madagaskar.

Den norske historia er nærmere enn me trur. Siste nordmann smitta av lepra døydde i 2002. Denne historia er ein viktig del av filmen.

Verdens helseorganisasjon har eit mål: utrydde spedalskhet/lepra innan 2030.

Etter filmen vert det debatt. I panelet sit dr. Rolf Bergseth frå Klepp, som har hatt spedalske pasientar i Kamerun, ordførar i Hå, Jonas Skrettingland som har vore misjonær på Madagaskar og regissør Hallgeir Skretting.

Velkommen til

# EYVIND SKEIE

og Con Brio

KONCERT

Lørdag 18. april kl. 19:30 i Bryne kyrkje  
Søndag 19. april kl. 19:30 i Gausel kirke

Musikken er komponert av  
**Sigvald Tveit**

Billetter/Inngangspris: Kr. 200,-  
Kjøp billett på Linticket.no



Vi ønsker å invitera deg til

# Familiefokus

Gudsteneste for store og små i Brynekirkja

Våren 2020:  
26. januar – 16. februar – 15. mars – 19. april – 10. mai – 7. juni  
Gudsteneste kl 11.00

[facebook.com/brynekirkja](https://facebook.com/brynekirkja) | [brynekirkja.no](http://brynekirkja.no)



Bryne  
Kyrkja




# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt,  
og blei slukt av ein kval!

Teikning: Chiara Bertelli



## Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli


Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



## Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?

Teikning: Chiara Bertelli



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

**Bestill  
abonnement**  
på **søndagsskolen.no**  
eller **22 08 71 00**



Gamle Tobias  
hadde køyrt bil i alle  
år. No hadde han fått  
seg nye briller, og kom  
skjelvande heim til kona.  
– Før eg fekk desse  
brillene gjekk alt så bra  
i trafikken. Men no  
kjem jo bilene frå  
alle kantar!

## VITSAR

Det var  
haust i Edens  
hage. Plutseleg  
kom eit fikenblad  
virvlaende i vinden.  
– Sjå Adam, ropte  
Eva. – Ein usynleg  
mann!

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p><b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22</p>
 <p><b>HOLMANE Bil</b> Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 <a href="http://holmanebil.no">http://holmanebil.no</a></p> <p>    </p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>ek Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	
 <p><b>MotorForum</b> Stavanger - Sandnes</p> <p>  </p>		 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:dr@el-team.net">dr@el-team.net</a>, Internett: <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>
<p>Vår kompetanse - din trygghet</p> <p><b>Sjekk Punkt</b> BILVERKSTED <a href="http://www.sjekkpunkt.no">www.sjekkpunkt.no</a> 4600 6447 <b>LYE BIL AS</b> Prestegardmarka 1 4340 Bryne</p>		
<p><b>REMA 1000</b> Håland 7-23(8-21)</p>	<p><b>EiendomsMegler</b> 1</p>	 <p>Bøgh Hafoø a/s <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 <a href="http://www.toyotaegersund.no">www.toyotaegersund.no</a></p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> JAEREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • <a href="mailto:jaeren@privatmegleren.no">jaeren@privatmegleren.no</a></p>	 <p><b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a></p>	 <p><b>haver</b> Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>		



**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redd. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

KIRKENS  
**SOS**

Frå Google

## Vårfest på Fotland bedehus 6.mars kl.19.00

**Program**

Fanny Crosby v/ Oddbjørg og Olav Keilegavlen  
Song av Dekor frå Undheim  
Andakt av Stein Ødegård  
Matøkt

Velkommen til alle!

Arr. Fotland bedehus.

### "LAUST OG FAST" våren 2020 i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje

**Undheim kyrkje**

**Onsdagar kl. 14.00 - 16.00**

<b>19. februar</b>	<b>18. mars</b>
<b>15. april</b>	<b>20. mai</b>

**Ord for dagen, song, utloddning og matpause.**

**Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som tida høver for.**

Arr. "Laust og Fast"- komitéen

**Bryne**  
Kto. 3325.20.11906

**Vil du ha Misjonstidende MT GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490 eller ring oss på 51 51 61 00.

**VI TRENG FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.

KIRKENES SOS

**Evangeliet tilbake til jødene**

Den Norske Israelsmisjon [www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Vil du at flere jøder skal komme til tro på Jesus? Vipps din gave til 19333

**NOREA** MEDIEMISJON

**TAKK**  
til deg som

UTRYDDER FATTIGDOM

DELER TROEN PÅ JESUS

BEKJEMPER URETTFERDIGHET

**NMS**

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)

SAMMEN FORANDRER VI VERDEN



### Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familiær som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til **13130** (valgfritt beløp)

Send SMS "BK VENN" til **2210** (kr 100)



# Skaparverket



## Kaie

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Kaia høyrer til i kråkefamilien. Ho liknar på den vanlege kråka, men har lysegrå nakke og er mykje mindre. Eit anna viktig kjenneteikn er dei bortimot kvite augo. Kaia er sosial og likar seg godt i lag med andre kaier - gjerne ein heil flokk. Her til lands finn ein mest av denne fuglen på det sørlege Austlandet, på Jæren og i deler av Trøndelag. Kosthaldet er allsidig: insekt, meitemark, frø og matrestar.

Kaia er rekna som ein holrugar, men på våre kantar slit ho med å finna høveleg reirplass. Mange har opplevd å få kaiereir i pipa. Desse fuglane veit korleis dei skal byggja slik at reiret ikkje sig til botnen i pipa. Dårleg trekk i pipa kan altså ha meir enn ei naturleg forklaring! Elles er kaiene trufaste og held seg til ein partner gjennom heile livet.

Vandrefalkane som i periodar har tilhald ved Høghuset på Bryne, har kaie høgt oppe på menylista. Avklipte kaiehovud på bakken nedanfor vitnar om det. Bryne er med andre ord ein høgst utsynlig stad for kaier!

## Det litt muntre hjørnet:




Løsing Helge-kryssord - 5/19

På en gard var det åtte unger, og den niende var ventende. Eldste gutten – han var 11 år – stod attmed nåva da jordmora kom kjørende til gards. Gutten la beint bort til henne.

– Kunne du ikkje gå til einkvan andre denne gongen – spurte han. Me snuflar snart i ungar heima nå!

(Frå Folk é løgne 1950 med løyve frå Stavanger Aftenblad)

## HelgeKryssord - 1/20 (av Gabriel Tengsareid)



### Vassrett

1. Salme av Martin Luther
8. Edelgassen
10. Uttrykk for overrasking
11. Prestedrakt
12. Profet som refsa David (GT)
13. Insekt
15. Lita mengd
16. Hellas (landskode)
17. Hundredels liter
18. Hjartefrekvensvariabilitet (fork.)
19. Land i Europa
21. Bestefar til David (GT)
24. Artikkel
25. Læra utanboks
29. Hydrokarbongass
30. Polområde

### Loddrett

1. Ewig
2. Fjellgrend i Rogaland
3. Kommune i Trøndelag
4. Arveanlegg
5. Ikkje med
6. Kasus
7. Torskefisk
9. Del av Bibelen
14. Leirplass under ørken-vandrings til israelittane 2.Mos 15,27.
15. Eureka
17. Reinsa (eng.)
20. Ofte
22. Likast
23. Diktarprest
26. Bar fram i ord
27. Tone
28. Trældom

# Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

**JÆREN MISJONSRADIO**

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9  
[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

**Sendetider**

- Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
- Tirsdag: 08.30 - 09.00
- Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00
- Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
- Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus**  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.

**Vil du gi en gave til Normisjon?**

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



## Miljø, møteplass og misjon

<b>NMS Gjenbruk Bryne</b> Parken senter Inngang ved hjørnet Saronsbråtet og Meierigata	<b>FRETEX butikk Bryne</b> Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata
<b>Vi tar imot og sel:</b> Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Vi tar også imot stumpar av stearinlys Telefon 400 37 151 Opningstider: måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00	<b>Vi tar imot og sel:</b> Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møbler, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna. Telefon 922 09 638 Opningstider: måndag stengt. tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00



## DØYPTE

### BRYNE Kyrkje

10.11.19: Samuel Lokna Erland, Johannes Geirmo, Tuva Sandvik  
15.12.19: Emil Byberg  
22.12.19: Selma Garborg Sel  
05.01.20: Axel Gusevik Wredstrøm

### TIME Kyrkje

17.11.19: Matilda Auglend, Max Hamre, Ingeborg Hanson-Nordstokke, Marina Jonassen Jensen, Aurora Iversen Mæland, Hugo Lerbekk Undheim  
23.11.19: Isak Severin Ådneram, Thor Kalberg, Tarjei Nedrebø  
01.12.19: Ada Laihinen  
15.12.19: Jonathan Ravndal Birkeland, Céline Holen  
25.12.19: Ivy Oftedal  
12.01.20: Herman Furre, Olav Husebø Jacobsen

### UNDHEIM Kyrkje

10.11.19: Tord Kronfeldt Tunheim, Oskar Undheim

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

06.10.19: Oddvar Torkildsen-Skår (Hamre kyrkje)  
27.10.19: Mathilde Andersson-Holmen (Frøyland og Orstad kyrkje)  
24.11.19: Sophia Waland (Varhaug kyrkje)  
01.12.19: Sina Viktoria Johnsen (Klepp kyrkje)  
22.12.19: Julian Gudmestad Küpfel (Nærø kyrkje)

### Nye rutinar i samband med bestilling av dåp

Frå 01.01.2020 må alle som bestiller dåp av barn i Time, Bryne eller Undheim kyrkje, framvise kopi av fødselsattest og skjema om godkjent namneval frå Folkeregisteret.

Ta kontakt med Inger-Kathrine Kjølleberg v/Time kyrkjekontor (51770377) dersom det skulle vere spørsmål knytt til dette.

### Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105  
Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518  
Diakon Praxedes Slettebø  
tlf. 48 89 69 19



## DØDE

Ommund Tjøtta, Leiv Rangen, Astri Ree, Isak Hinnland, Marit Salte, Bjørg Torill Leirdal, Jarle Martin Skretting, Gunlev Ødegård, Oddvar Fuglestad, Dagfinn Jostein Aldeholm, Aage Sjursen (Høyland kirke), Willy Angel Hansen (Soma kapell), Einar Stangeland, Torfinn Garborg, Sigmund Sveli (Klepp), Bjørg Erga (Orre), Mandela Takele Woyessa, Sven Kyrre Rostad, Anbjørg Bertelsen, Njål Fosse, Valborg Helleren (Eiganes), Jo Inge Steinsland, Arne Egil Lea



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

51 97 29 00

DØGNAKT



VI HAR OGSÅ  
GRAVSTEINAVDELING  
[www.krogdal.no](http://www.krogdal.no)

3. GENERASJON BEDEMANN  
Arild Aase  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
24 TIMERS VAKTTELEFON

**NOVA**

BEGRAVELSESBYRÅ  
Gjesdal • Jæren • Sandnes

**51 61 04 00**

Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark  
og Møyfrid Hersdal



[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)



Velkommen til  
**gudsteneste**

**Skyss til  
gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima 51 48 21 33  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

**Ring før kl 10.00**



*Velsigna  
vinter*

## Gudstenesteliste

<b>Sundag 16. feb.</b>	<b>Kristi openberringsdag</b>	<b>Matt 17,1-9</b>
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus. Nattverd. Konf. deltek
<b>Sundag 23. feb.</b>	<b>Fastelavnssdag</b>	<b>Joh 17,20-26</b>
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 1. mars</b>	<b>1. sundag i fastetida</b>	<b>Matt 4,1-11</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd. Tema: Livsmot. Sonja Lie
<b>Sundag 8. mars</b>	<b>2. sundag i fastetida</b>	<b>Matt 15,21-28</b>
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule. Årsmøte
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Årsmøte
<b>Sundag 15. mars</b>	<b>3. sundag i fastetida</b>	<b>Luk 11,14-28</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus. Nattverd
<b>Laurdag 21. mars</b>	<b>Laurdag etter 3. sundag i fastetida</b>	<b>Luk 11,14-28</b>
Time kyrkje	14:00	Dåpsgudsteneste
<b>Sundag 22. mars</b>	<b>Maria bodskapsdag</b>	<b>Luk 1,26-38</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd. Tema: Ei glipe av glede. Sonja Lie
<b>Sundag 29. mars</b>	<b>4. sundag i fastetida</b>	<b>Joh 11,45-53</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp. Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Nattverd. Dåpsskulen. Barnas påske

